

# Å vera profetisk vaken

Det profetiske livet me er kalla å leva er å vera på hogget, stå på vakt, stella oss på post, speida og sjå kva Gud seier i kvar stode

For ei stund sidan fekk eg eit oppdrag frå Herren om å læra den nye profetiske generasjonen profetiske disiplinær, eller øvingar, som ville hjelpe dei å vera profetiske og tena Guds plan i si levetid. Dette førte til at eg måtte setja meg ned for å tenkja gjennom kva dei profetiske disiplinane var og koss desse klassiske åndelege disiplinane kunne vera til hjelp for oss i vår tid.

I denne tida då eg søkte Gud, minna han meg om ei bok som eg las for mange år sidan. Denne boka er skriven av Richard Foster og kom på norsk for nokre år sidan med tittelen: Veier til glede. Den engelske utgåva heiter: The Celebration of Discipline. I denne boka deler Foster dei klassiske disiplinane inn i dei indre disiplinane, disiplinær i fellesskapet og dei ytre disiplinane. Dei indre disiplinane er å meditera og grunna på Guds ord, å be og bruka tid med Gud, å fasta og seia nei til seg sjølv, og å studera og granska, eller å ha ei vaken ånd, eit vake hjarte.

I denne artikkelen vil eg sjå på dette å utvikla den åndelege disiplinen i å vera profetisk vaken ved å studera Bibelen, bøker, verda rundt oss, naturen, hendingar, folk og handlingar så me kan forstå kva Gud gjer og seier til sitt folk i denne tida.

PROFETANE STUDERTE OG UTFORSKA  
Apostelen Peter seier i 2.Pet.1,21 at

profetane var drivne av Den Heilage Ande då dei bar fram profetorda frå Gud. Me kan mest få inntrykk av at dei var mekaniske reiskap for Anden og berre handla i blind tru eller blind lydnamd. Men dette er langt frå sanninga. Blind tru eller blind lydnamd er aldri rett og kan ikkje sameinast med å vera profetisk vaken! Alle menneske er personleg ansvarlege for alt me seier og gjer, difor kan ikkje blind tru eller blind lydnamd vera rett. Jamvel om profetane var drivne av Anden, så vurderte og studerte dei sine eigne profetiær.

*Denne frelsa var det profetane søkte etter og ville utforska då dei profeterte om den nåden de skulle få. Dei freista å finna ut kva tid Kristi Ande, som var i dei, viste fram til, og korleis den tida skulle vera. For Anden vitna om Kristi lidingar og den herlegdomen som sidan skulle koma. Det vart openberra for dei at det ikkje var seg sjølv, men dykk dei tente med bodskapen sin.<sup>1</sup>*

Dei søkte etter og ville studera det dei profeterte for å forstå innhald og fylgjer av Ordet dei bar fram. Dei freista å skjønna og finna ut av ting. Dei utforska frelsa og nåden som Anden, som var i dei, viste fram til. Dei var ikkje passive, men aktive då dei hørte frå Gud. Det var ikkje slik at dei i blind tru slukte alt rått. Nei, dei granska og utforska for å skjønna og finna ut av det dei opplevde Anden sa.

Dei søkte etter den nåden og den frelsa Anden vitna om. Dei ynskte å oppleve og forstå denne frelsa. Difor var dei opptekne av kva tid ordet frå Gud var for og koss tida då dette ordet skulle oppfyllast skulle vera. Dette er heilt grunnleggjande i det å ha ei vaken ånd og vera profetisk oppegåande. På denne måten kunne dei skifta ut gamle og nedbrytande tankebanar med nye og livgjevande måtar å tenkja på.

Fordi dei var profetisk vakne og stilte mange spørsmål, og ikkje hadde ei passiv blind tru, fekk dei ny openberring og større innsikt i Guds evige plan. Åge, ein av mine gode profetiske venner pleier seia: Utan å spørja får me ingenting vita! Når me ikkje berre passivt godtek det me ser og hører rundt oss, men steller spørsmål, kan me verta omskapt ved å få eit nytt sinn, ved å tenkja i nye banar. Då kan me dømme om kva som er Guds vilje: det gode, det som er til glede for Gud, det fullkomne.<sup>2</sup>

## PROFETISKE FOLK FORSTÅR SEG PÅ TIDENE

I Fyrste Krønikebok kapitel tolv finn me forteljinga om dei mange flokkane av dyktige folk som slutta seg til David for å sjå profetiske ord oppfylt i si levetid. Mellom dei som gav seg til David for å hjelpe han og heile Israelsfolket å koma

1. 1 Pet 1,10-12

2. Rom.12,2



inn i det Gud hadde lova var ein flokk av Issakars-sønene. Dette var menn som skjøna seg på tidene, så dei visste kva Israel hadde å gjera.<sup>3</sup> Det er tydeleg at dette var profetiske folk. Dei var vakne og aktive. Dei var ikkje passive eller likesæle til det som hendte i deira samtid. Dei fylgde med og var levande interessert i politikk og samfunnsliv. Dei granska og utforska tida og samfunnet dei levde i. Ved å vera profetisk vakne kunne dei forstå og tolka trendar i tida dei levde i.

Ved si vakne innstilling kunne dei forstå kva som rørte seg i folkedjupet. Dei fekk openberring og innsikt i kva Guds folk skulle gjera. Dei fekk nåde til å tala Guds ord på ein slik måte at dei talte til folkesjela og utløyste handling. Bibelen seier at både leiarar og folk fylgde råda deira. Fordi dei forstod seg på tidene kunne dei svara på spørsmål folk verkeleg stilte og ikkje koma med svar på spørsmål tidlegare generasjonar var opptekne med. Når me forstår tida me lever i, kan me tala eit ord som er relevant og skaper handling.

#### Å GRANSKA PROFETISKE SKRIFTER FØRER TIL FORSTÅING AV TIDA

Me har alt sett at profetane granska sine eigne og andre profetar sine profetord for å forstå kva tida desse orda galdt og koss tida med oppfylling skulle vera. Dette skulle læra oss å vera profetisk vakne når me les i Bibelen som er ei profetisk bok. Det var dette profeten Daniel gjorde. *I det fyrste året av styringstida til Dareios granska eg, Daniel, i bøkene og merka meg talet på dei åra som Herren hadde tala om til profeten Jeremia – at han ville la det gå heile sytti år medan Jerusalem låg i ruinar. Då vende eg andletet til Gud Herren for å søkja han med bøn og audmjuke ynske, med faste i sekk og oske.*<sup>5</sup>

Då Daniel granska dei profetiske skriftene kom han til å forstå at tida for oppfylling av ordet snart var inne. Dei profetiske skriftene hjelpte han til å forstå tida han levde i. Han fekk innsikt i kor han og tida han levde i var i Guds frelsesplan. Bibelen vil alltid hjelpa profetisk vakne menneske til å forstå si samtid. Faktisk er det slik at det er svært vanskeleg å forstå det som

hender i verda om me ikkje les, mediterer og granskar Guds ord i Bibelen.


Då Daniel oppdaga kva dei profetiske skriftene sa om tida han levde i, vende han seg til Gud i bønn og faste. Han grunda på Guds ord. Han søkte Gud for meir innsikt. Han studerte og granska meir i dei profetiske skriftene og fekk meir openberring. Dette lærer oss at dei åndelege disiplinane heng saman og styrkjer kvarandre. Dess fleire av dei me bruker, dess meir openberring får me del i. Dei indre disiplinane i å meditera og grunna på Guds ord, å be og bruka tid med Gud, å fasta, og å studera og granska, eller å ha ei vaken ånd, eit vake hjarte, fører til forståing av tida me lever i og gjer at me kan tena Guds plan i vår levetid.

Å LEVA PROFETISK ER Å VERA VAKEN Jesus kom med mange formaningar til læresveinane om å vera vakne så dei kunne forstå når tida var inne og vera i stand til å samhandla med Gud. *Ver på vakt, hald dykk vakne! For de veit ikkje når tida er inne.*<sup>5</sup>

3. 1 Krøn 12,32

4. Dan 9,2-3

5. Mark 13,33



Ha ei vaken ånd og eit vake hjarte inneber å sjå med auga, høyra med øyra, lukta med nasen, smaka med tunga, føla med hudkontakt og medkjensle, og fylgja med i livet rundt oss. Vakne folk granskar, utforskar og forstår kva Gud gjer og kva han seier gjennom bøker, aviser, fjernsyn, hendingar og menneske dei møter. Den som er profetisk vaken kan verta brukt av Gud til å forandra folk, personar, samfunn, nasjonar, stoder, hendingar ved å tala levande ord som fører til handling.

JESUS ER EIT GODT FØREDØME PÅ Å HA EI VAKEN ÅND, EIT VAKE HJARTE Eg har nett lese evangelia og har vorte slått av undring av kor mykje det står om kor vaken Jesus var.<sup>6</sup> Det vrirmlar av uttrykk som seier at Jesus såg, fekk auga på, la merke til folk og det som hendte rundt han. Han viste ofte til naturen, blomar, plantar, fuglar. Han samhandla med folk og hendingar og var tilstades i livet på ein fantastisk inspirerande måte. Det er tydeleg at han var svært medveten og studerte det som hendte der han ferdast:

*Ein gong sette Jesus seg midt imot tempelkista og såg på korleis folk la pengar i henne. Og mange rike gav mykje. Så kom det ei fattig enkje og la i to småmyntar, nokre få øre. Då kalla han disiplane til seg og sa: «Sanneleg, eg seier dykk: Denne fattige enkja har gjeve meir enn nokon av dei andre som la pengar i tempelkista. For dei gav alle av si overflod, men ho gav av sin fattigdom alt det ho eigde, alt det ho skulle leva av.»<sup>7</sup>*

Legg merke til at han heilt medvete sette seg ned for å sjå på oss folk la pengar i tempelkista. Då han hadde studert folka som gav, kalla han til seg læresveinane og underviste dei om den innsikt han hadde vunne ved å sjå på folk som ofra pengar til templet. Me har mykje å læra av Jesus på dette området. Om me fylgde litt betre med og studerte ting som hender rundt oss grundigare, ville me koma fram til djup og nyttig innsikt.

PROFETEN ER EIN VAKEN VAKTMANN Når Gud kallar menneske til ei profetisk teneste, seier han ofte rett fram

at det inneber å vera ein vaktmann som skal melda det han ser. Profeten forstår at han må leva vaken og stå på vakt heile dagen og heller ikkje slappa av, men vera på post kvar einaste natt. Det er med andre ord snakk om ein livsstil i å vera kopla på, å vera vaken, å vera på hogget, dag og natt.

*For så har Herren sagt til meg: "Gå og set ut ein vaktpost! Det han ser, skal han melda! Og vaktmannen ropa: "Herre, dagen lang står eg på vakt, eg er på min post kvar einaste natt."<sup>8</sup>*

I denne samanhengen er det viktig å merka seg at det å vera vaken og fylgja med i kva som hender er å sjå etter Gud. Profetane leitar etter Guds finger i det som hender. Profetane ser etter teikn på at Gud gjenreiser og fullfører det han i tidlegare tider har lova å gjera. Profetane ser ikkje etter det vanskelege, vonde og negative i tida dei lever i, dei søker Gud for å forstå kva han gjer midt i den vonde og vanskelege stoda.

6. Matt. 4,18,21; 5,1; 8,14,18; 9,2,4, 9,12, 22,23

7. Mark 12,41-44

8. Jes 21,6,8

*Høyr, dine vaktmenn ropar, dei jublar alle i hop. For med egne augo ser dei at Herren kjem heim att til Sion.*<sup>9</sup>

*På murane dine, Jerusalem, har eg sett vaktmenn. Og dei skal aldri teia anten dag eller natt. De som prisar Herren, unn dykk ikkje ro! Lat heller ikkje han få ro før han byggjer opp att Jerusalem og gjer byen til ein lovsong på jorda.*<sup>10</sup>

Den profetiske vakttenesta inneber sjølvstakt at dei også skal vaka over Guds folk og åtvare dei om dei synder og hjelpe dei til omvendning. Profetane hjelper Guds folk å halda seg til Guds ord og standard. Når me er vakne er me som eit profetisk blylodd som viser om veggane er rette eller skeive.<sup>11</sup>

*Menneske, eg set deg til vaktmann for Israels att. Når du høyrer eit ord frå min munn, skal du åtvare dei frå meg.*<sup>12</sup>

#### BØNNEROMMET ER EIT VAKTTÅRN

Profeten Habakukk la merke til kva som hende i samtida si. Han var frustrert over alt det negative han møtte kor han snudde seg. Det var mange ting han ikkje forstod og han bar fram klagemåla og spørsmåla sine til Herren. Han kunne ikkje sjå den rettferdige Gud i det som gjekk føre seg i tida og samfunnet. "Herre, kor er du? Kvifor grip du ikkje inn? Koss kan du sjå på dette som hender utan å gjera noko?" Fordi han var vaken, la han merke til det som hende i samtida si, men han venta ikkje å finna svara i samfunnet. Han gjekk inn i bønnerommet sitt og brukte det som eit vakttårn. *No vil eg stå på vakt, stella meg på post og speida og sjå kva han vil tala til meg, kva han vil svara på mitt klagemål.*<sup>13</sup>

Han hadde gjort sine observasjonar og bore fram spørsmåla sine, no var det

tid til å venta på Gud, vera stille og fokusera det Gud ville seia. For å vera profetisk vaken og fylgja med i det som hender i samtida og kunna sjå og høyra Gud, treng me å trekkja oss tilbake frå ståket og bråket og gå avsides og vera åleine med Gud. I bønnerommet kan me verkeleg stå på vakt, stella oss på post og speida og sjå kva Gud seier til oss. Me kan aldri leva profetisk vakne utan å bruka tid med Gud i bønn. Det profetiske livet me er kalla å leva er å vera på hogget, stå på vakt, stella oss på post, speida og sjå kva Gud seier i kvar stode! Då må me venda oss til Gud i bønn. Då må me øva opp dei åndelege sansane våre så me kan sjå syner og læra oss til å skilja ut Guds røyst frå dei mange andre røystene som gjer seg gjeldande i vår tid.

Erling Thu  
erlingthu@gmail.com



9. Jes 52,8

10. Jes 62,6-7

11. Amos 7,7-8

12. Esek 3,17

13. Hab 2,1-2